

**BJØRN WEST MUSEET – MUSEUM VEST**

**Matre 41,  
5984 Matredal  
[arnold.matre@museumvest.no](mailto:arnold.matre@museumvest.no)  
92469274 (mob)**

**Eigarkommunane i Stiftinga Bjørn West-museet**

- **Lindås**
- **Gulen**
- **Modalen**
- **Osterøy**
- **Masfjorden**

**Søknad om eingangsstøtte til utstillingar, oppgradering mm i jubileumsåret 2019.**

Bjørn West museet skal i år markera både 75- og 25 års jubileum. I samband med dette er det planlagt stor aktivitet i 2019. Det vert konsertar, foredrag, aktivitetsdagar, opningsmarkeringar av nye utstillingar, oppgradering av utstillingar i båthuset. Ei viktig målsetjing er sjølvsagt å setja Bjørn West-museet og Bjørn West historia på kartet. Det vil også vera viktig å skapa aktivitet i regionen og kunne tilby innbyggjarar og besökande eit utvida kulturtilbod.

Auka aktivitet og attraktivitet kring Bjørn West museet vil også kunne vera positivt for andre verksemder i regionen. Det er planar for minst eitt arrangement kvar månad i opningssesongen museet. Førebels er følgjande arrangement fastett med dato:

**Arrangement:**

5. mai : Sesongopning med opning av nye utstillingar  
9. juni: Konsert i «båthuset» samt opning av utstilling i museumstunet. (konserten er i samarbeid med «Sommarscena»).  
18.august: Bjørn West- museet har stand/butikk på fjellstova i samband med Bjørn West marsjen  
26. september: Open filmkveld. Det vert vist gamle og nyare filmar om Bjørn West  
29. september: Konsert med Brekke mannskor i «båthuset».  
15. oktober: Jubileumsfest.

Ikkje datofesta:

- Foredrag om kvinner si rolle i krig – med utgangspunkt kring Matre 1942-1945.
- Foredrag om Bjørn West i bilette
- Fordrag om Heimevernet i dag – den raude tråden frå Bjørn West (1945) til Innsatsstyrken Bjørn West (2019)

Bjørn West-museet sine utstillingar består av tre bygningar samt tunet i mellom desse. Det har vore lite fornying dei siste åra.

For 2019 me i vår planlagt fornying av utstillingar i «båthuset» samt utandørs.

**Utstillingar inne:**

I «båthuset» er det planlagt ei ny utstilling som skal fortelja historia til Stordalsfamilien; Fjellgarden/fjellstove som vart gjort om til hovudkvarter for motstandsrørsla Bjørn West siste

månaden av 2. verdskrigen. Det endte tragisk med at 76 år gamle Torgeir Stordal vart skoten av tyskarane etter at BW hadde evakuert Stordalen.

Ute i tunet er det planlagt 3 ulike utstillingar som skal fortelja om fortid og framtid for museet.

- Minneplate med namn på dei som var med i Bjørn West, lokale kontaktar kring fjordane og dei som vart drept i fjellet.
- Informasjonsbanner i gavlveggen
- «Innstallasjon» langs gangvegen med bilete og informasjon. (info om planane for nybygg)

Oppgradera «båthuset»: (utstillingar og konserter)

I samband med ny delutstilling i båthuset er det dokumentert stor trøng for oppgradering av lyssetjing, maling og eldre utstillingar. Saman med fellesfestenesta er det difor planlagt, og kostnadssett innvendig maling og utskifting av alle lys. Planlagt lyssetjing vil gje ein annan oppleving og stor forbetering av opplevinga av utstillingane og aktuelle konserter.

Fjerna eksisterande lys og setja opp nye er planlagt utført før opninga. Oppgradering av eldre utstillingar er planlagt hausten 19/våren 20.

Dette er tiltak som det ikkje er dekninga for i budsjettet, men som er viktig i høve korleis museet framstår. Det er motteke tilskot frå Bjørn West-museets venner, men dei skal i hovudsak nyttast til marknadsføring, artiklar til butikk, utstillinga og liknande.

Oppgraderinga av båthuset er kostnadsrekna til om lag 120 000.- eks arbeidspengar. (sjå vedlegg)

Litt om Bjørn West museet - organisering og økonomi:

Bjørn West museet er i dag eit konsolidert museum i Museum Vest. Bygningar og samlinga er framleis eigd av Stiftinga Bjørn West museet. Stiftinga er eigd av kommunane Masfjorden, Gulen, Lindås, Osterøy og Modalen. Arbeidsgjevaransvar og all drift er knytt til Museum Vest.

Drifta vert sikra gjennom tilskott frå Masfjorden kommune og Hordaland fylkeskommune på 400 000 kr.- frå kvar. Masfjorden kommune får refundert om lag 20 000 frå kvar av dei andre kommunane i Stiftinga Bjørn West-museet. Dette går til lønn, forsikring og straum. Det er ikkje budsjettmidlar til vedlikehald, utstillingar og arrangement m.m.

Bjørn West-museet søker difor eigarkommunane om ein eingongsløyving til å presentera Bjørn West museet, og historia på ein betre måte i jubileumsåret 2019.

Bjørn West rekrutterte mange ungdomar frå bygdene/kommunane kring Masfjordfjella. Det var også heilt avhengige av bygdefolket som budde langs fjordane i kring fjellheimen. Dette er vår sams historie.

**Det vert med dette søkt om ein eingongsløyving på kr 25 000 knytta til jubileumsåret.**

Leiar ved Bjørn West-museet kjem gjerne til den einskilde kommune og orienterer om museet samt dei planane som ligg føre.

Dei siste åra har Bjørn West-museet hatt om lag 1400-1500 registrerte gjester. Det er håp om at dette talet vil auka i jubileumssesongen.

Med helsing

Arnold Matre  
leiar  
Bjørn West museet – Museum Vest